



Lindås kommune
Therese Urdahl Braseth
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1811 - 17/19705

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
29.06.2017

Førebels svar - trong for tilleggskontroll - gbnr. 195/6 Leiknes

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 07.06.17.

Eigedomen er omfatta av reguleringsplan Leknes skule med omkringliggjande areal/ planid.: 1263-201008. Parsellen som er søkt frådelt består av ulike arealføremål, offentleg verksemd – uteareal for skulen samt frimområde F3. Det er opplyst at arealet skal nyttast til offentleg føremål.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknaden er ikkje signert av heimelshavar gbnr. 195/188. Det må leverast inn søknad signert av heimelshavar, eventuelt må det leverast inn fullmakt frå heimelshavar til å forestå søknad.
2. Det er ikkje levert inn gjenpart av nabovarsel.
3. Søknad er levert inn før fristen for naboar til å levere merknadar er ute. Vi ber om at det kjem med ei skildring med omsyn til eventuelle nabomerknadar.
4. Delar av arealet som er søkt frådelt er regulert til friområde, leik tursti mv. område F3. De har i søknad opplyst at arealet skal nyttast til offentleg verksemd/offentleg føremål. Endra arealbruk krev at det vert gjennomført ein reguleringsendring innan søknaden kan handsamast, evt. søknad om dispensasjon frå arealføremålet.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 24.08.17.

Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.



Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arne Leiknes Hopsdal
Therese Urdahl Braseth

Hodnesdalsvegen 4

5915 HJELMÅS

Mottakarar:

Lindås kommune

Felles postmottak Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ